

## **Styremøte HFL 06.02.2024**

Tid/stad: Teams 20.00-21.00

Tilstades: Per Øyvind, Margunn, Åslaug

### **Sak 1/2024 – Referat frå styremøte 27.11.2023**

Gjennomgang

Godkjent med små justeringar i teksten

### **Sak 2/2024 – Innkomne søknader / gjennomgang løyvingar**

1. Kurs Ervingen 2023

Søknaden var rett innkomen og kvittert for i august.

Ved ein feil kom den ikkje med på novemberhandsaminga, og styret har difor gjeve tilsagn i januar 2024 på kr. 20.000,-. (15.000,- er att frå 2023-budsjettet, kr. 5.000,- går av 2024-budsjettet).

2. Aleksander har sendt rapport.

Han har fått kr. 10.000,- for eit år sidan og resterande kr. 5.000,- er utbetalt no.

3. Rapport frå Hordakappleiken 2023. Løyving kr. 10.000,- er utbetalt i dag.

4. Søknad frå Hardanger spelemannslag til Hardingfolk.

Søkt om kr. 18.000,-, totalbudsjett kr. 412.000,-. Innvilga kr. 10.000,-

5. Søknad frå Voss spelemannslag v/Berit Opheim til folkesongkurs i Voss herad.

Budsjett 39.300,-, søkt om kr. 17.200,-. Innvilga kr. 12.000,-.

6. Søknad frå Hardanger folkemusikksamling til dokumentasjonsprosjekt over tre år.

Budsjett: 2024 kr. 650.000,- + 2025 kr. 550.000,- + 2026 kr. 550.000,-.

Søknad kr. 10.000,- + kr. 5.000,- + kr. 5.000,-.

Styreleiar i HFL sit i styret for HFS og er ugild ved handsaminga av denne søknaden.

Innvilga kr. 5.000,- i 2024.

Søknad for 2025 og 2026 vert handsama på første løyvingssmøte dei inneverande åra.

7. UngOsa: Det er ikkje sendt inn søknad frå UngOsa for 2023. Samlinga/kurset er halde.

Dei har fått høve til å senda inn søknad no. Søknad er motteke med eit samla budsjett på kr. 608.000,- og søknadsum kr. 22.000,-.

Ein kan også forventa ny søknad for 2024.

Innvilga kr. 11.000,- for kurset halde i 2023.

### **Sak 3/2024 – Hordakappleik**

Osterøy har teke på seg å arrangera Hordakappleiken.

Laurdag 13.april på Osterøy/Valestrandsfossen (Framhall/Hauge skule).

Osterøy spel- og dansarlag har fått i gang ei nemnd, som er i arbeid.

Eigne klassar for bygdedans/runddans vart drøfta. Osterøy er positive til dette, men har ikkje landa på kva klassar det vert enno.

HFL skal skaffa dommarar. Positive til felles dommarpanel som dømmer i alle klassar. Bør ha ein dommar på kvart felt som har «spisskompetanse». 4-5 dommarar som utgangspunkt, så kan ein sjå det an etter påmelding kva som er behov for. I 2023 på Voss hadde me fire dommarar som dømde alle klassar.

Det er lagt opp til at alt føregår på laurdagen. Muligens konsert på kvelden, dette er ikkje landa enno.

Tankar om å få juniorane frå «Verdens største juniorspelemannslag» med på dansespel.

Vedkomande HFL sitt tilskot til hordakappleiken, vedtok årsmøtet 2023 å budsjettera fast for dette og slik unngå årleg søknad.

Kr. 10.000,- vert løyvd i budsjettet til hordakappleiken.

Årsmøtevedtak:

### **9.2 Tilskot til laga HFL**

*Årsmøtet drøfta saka, og kom med innspel til spørsmåla stilt i saksutgreiinga:*

- *Ein bør ikkje dele løyvingsbudsjettet i to, då dette kan få uheldig skeiv-tildeling.*
- *Ein bør ikkje redusere løyvingar til prosjekt som rapporterer om stort overskot, og heller ikkje operere med løyvingar som underskotsgaranti.*
- *Frå 2024 skal det løyvast ein fast sum til arrangør av Hordakappleiken, som startkapital.*
- *Det bør ikkje innførast ei ordning der HFL får ein prosentvis andel av overskotet for Hordakappleiken.*

### **Sak 4/2024 – Årsmøte 2024**

Årsmøtet vert søndag 14. april (etter Hordakappleiken), på Hauge skule (osterøy) kl 10.30.

Informasjon til laga går ut etter dette styremøtet.

Frist for innmelding av saker til årsmøtet er sett til 28.02.2024

Innkalling m.sakliste/saksdokument vert sendt ut 3 veker før årsmøtet, dvs. veka før påske.

Per Øyvind sender ut.

Referent: Margunn Blikberg Nordgård